



# Åseral kommune

EINING FOR SERVICE REISELIV OG KULTUR

## Melding om vedtak

«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

DYKKAR REF:

«REF»

VÅR REF:

6346/2016 - 2016/522

SAKSHANDSAMAR:

Janne Thorsland Elvenes

ARKIVKODE:

234

DATO:

09.11.2016

## HØRING "EN NY REGION AGDER"

Vedlagt følger særutskrift av saka som vart handsama i Åseral kommunestyre i møte 3. november 2016, sak 16/91.

Med helsing

Janne Thorsland Elvenes  
fagleiar, servicekontoret

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.



## HØYRING "EN NY REGION AGDER"

ARKIVKODE:	SAKSNR.:	SAKSHANDSAMAR:	SIGN.:
234	2016/522	Kjell Gunnar Olsen	

UTV.SAKSNR.:	UTVAL:	MØTEDATO:
16/91	Kommunestyret	03.11.2016

### Nettreferanse:

Nettside knytt opp mot forhandlingane mellom Aust-Agder fylkeskommune og Vest-Agder fylkeskommune om ein ny region Agder: <http://regionagder.no/>

### Vedlegg:

- 1 Brev frå fylkeskommunane i Aust-Agder og Vest-Agder 3.10.2016: *Høring om forhandlingsutvalgets utredning "En ny region Agder?"*
- 2 Forhandlingsutvalets rapport 3.10.16: *En ny region Agder*
- 3 Pressemelding 9.08.16 frå Lindesnesregionen og Listerregionen *Enig med Sanner, men advarer mot en geografisk slagside på Agder*

### Bakgrunn:

Lindesnesrådet uttala seg i saka fredag 21. oktober 2016 og uttala seg som tilrådinga lyder.

Lindesnesregionen gav i august innspel til dei pågåande forhandlingane i ei pressemelding. Pressemeldinga, som var eit samarbeid med Listerregionen tok mellom anna opp lokaliseringsspørsmålet og peika på faren for at forhandlingane ville ha det meste av sitt fokus på aksa Kristiansand – Arendal, og på risikoen for at resten av Agder kunne bli gløymt. Vidare kom det fram av pressemeldinga vektige argumenter for at hovudadministrasjonane for både fylkesmannsembetet og Region Agder burde bli lokalisert i Kristiansand. Det blei understreka i pressemeldinga at det må vere trongen for best mogleg tilgang for flest mogleg av innbyggjarar, tenestebukarar og samarbeidspartnere som må vega tyngst når det vert fatta vedtak om lokalisering.

Forhandlingsutvalet si tilråding er ikkje samrøystes, men fleirtalstilrådinga syner at pressemeldinga frå Lister- og Lindesnesregionen var rettkomen, og at den kan ha bidrege til at forhandlingsresultatet blei noko meir balansert. Forhandlingsresultatet understreker til dømes at eit av hovudmåla er å tilby eit desentralisert tenestetilbod tilpassa brukaren sitt behov. For å avhjelpa levekårsproblematikken i distrikta skal det også gjennomførast prosjekt som tek tak i desse utfordringane. Mellom anna skal det etablerast fleire desentraliserte utdanningstilbod.

Når det gjeld to mindretal i forhandlingsutvalet er det særleg to forhold som vert peika på: fordeling av arbeidsplassar samt at Region Agder kan bli for liten.

### **Vurdering:**

Ein ser nå konturer av svært store regioner mellom anna som Agders nærmaste naboar både i aust og vest. Det er difor grunn til å stilla spørsmål om Region Agder faktisk blir for liten? Likevel har vel sonderinger mot nabofylker vist at det er ein relativt lunken haldning frå desse.

For kommunane i Vest-Agder er det mest naturleg å sjå vestover mot Rogaland.

Når det gjeld det føreliggjande forhandlingsresultatet for Region Agder ser ein dette på som noko ubalansert sett frå vest i Vest-Agder. Det vert vurdert som svært raust overfor Aust-Agder.

Dersom Agder friviljug kan klare å etablere seg som Region Agder gjev det tydelege signalar til sentrale myndigheiter om at Agder ser moglegheiter, og har ein offensiv haldning. Dette styrker regionen sin posisjon som mogleg mottakar av statlege institusjonar og arbeidsplassar som flyttes ut frå det sentrale austlandet. Dersom Stortinget blir nødt til å «tvinge» Agder saman, eller eventuelt legge Agderfylka samla eller delt til ein av regionane i aust eller vest vil dette neppe gje den beste posisjoneringen i høve framtidig utvikling av landsdelen.

### **Framlegg til vedtak:**

*Åseral kommune er positive til Regionreformen og eit samla Agder, men meiner at Kristiansand som regionhovudstad burde vore lokaliseringsstad for både hovudadministrasjonene (fylkesmannen og Region Agder).*

*Vidare meiner Åseral kommune at avtalen si avgjerd om lokalisering av framtidige statlege arbeidsplassar kan få svært negative fylgjer i høve til utvikling av statlege kompetansesarbeidsplassar i distriktsregionane. Avtalen inkluderar ikkje desse regionane nok i tilrettelegging og bygging av ein sterk og samla region. Ein viser i denne samanheng til avtalen si avgjerd om fordeling av offentlege arbeidsplassar; punktene:*

- 2. Arendal skal byggjast opp som hovudsete for regional stat, med så mange statlege etatar og tiltak som mogleg i Arendal/Aust-Agder.*
- 3. Det regionale folkevalde nivået vert lagt til Kristiansand.*
- 4. Statlege arbeidsplassar som nå er lokalisert i begge fylker, vert flytt til Arendal/Aust-Agder. Til saman gjev dette ein overvekt av nye arbeidsplassar i Aust-Agder.*
- 5. Dersom staten vel å organisere seg annleis enn det som vert grunngjeven i dette dokumentet, må de planlagte arbeidsplassane i Aust-Agder kompensereast. Ei avklaring vert forventet innan 01.01.2018.*

*For øvrig bør Rogaland vurderes invitert med i ein felles region i det vidare arbeidet.*

## Saksprotokoll i Kommunestyret - 03.11.2016

*Framlegg:*

Høgre:

Åseral kommune er positive til regionreformen og eit samla Agder. Kommunen kan og stilla seg bak at fylkesmannen vert lokalisert i Arendal, medan fylkeskommunen vert lokalisert i Kristiansand.

Vidare meiner Åseral kommune at avtalen ikkje inkluderer distriktsregionane i tilstrekkeleg grad. Skal regionen verte så samla og sterk som ein ser føre seg, er det heilt naudsynt å ta meir omsyn til distrikta. Statlege arbeidsplassar bør i så stor grad som mogleg leggjast til distriktsregionane, og særleg til dei områda som i dag slit med fråflytting. Kommunane i innlandet og dei heilt i aust og vest må takast med om regionen skal samlast.

*Votering:*

Framlegg frå Høgre vart samrøystes vedteke.

Rådmannens innstilling fekk 0 røyster.

### **Vedtak:**

*Åseral kommune er positive til regionreformen og eit samla Agder. Kommunen kan og stilla seg bak at fylkesmannen vert lokalisert i Arendal, medan fylkeskommunen vert lokalisert i Kristiansand.*

*Vidare meiner Åseral kommune at avtalen ikkje inkluderer distriktsregionane i tilstrekkeleg grad. Skal regionen verte så samla og sterk som ein ser føre seg, er det heilt naudsynt å ta meir omsyn til distrikta. Statlege arbeidsplassar bør i så stor grad som mogleg leggjast til distriktsregionane, og særleg til dei områda som i dag slit med fråflytting. Kommunane i innlandet og dei heilt i aust og vest må takast med om regionen skal samlast.*

### **Kopi til:**

Lindesnesregionen v/dagleg leiar